



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Gøsta Hagenlund
Telefon: 57643121
E-post: fmsfgh@fylkesmannen.no

Vår dato
10.09.2013
Dykkar dato
28.08.2013

Vår referanse
2006/4314 - 461.3
Dykkar referanse

Bremanger Quarry as
Dyrstad
6723 SVELGEN

Oversending av endra utsleppsløyve etter avgjerd av klage

Vi viser til avgjerd i klagesak av Miljødirektoratet datert 28.8.2013.

Som følge av klageavgjerda er tekst i utsleppsløyvet retta i samsvar med vedtak av klageorganet. Vi har elles nytta høvet til nokre mindre språklege rettingar og redigeringar, men innhald i vilkår elles er etter vår meining ikkje endra.

Språkleg endring er gjort i overskrifta til løyvet og vilkår 1 for å presisere at løyvet gjeld for omtalt område. Redigeringsmessig endring er gjort i vilkår 2.3, 2.4, 4, 7, 9,3 og 14.3. I vilkår 3 er nummereringa retta opp.

Fylkesmannen vil med det første avtale tid for kontroll, der hovudtema vil vere gjennomgang av vilkåra i løyvet.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
fylkesmiljøvernssjef

Gøsta Hagenlund
ass. fylkesmiljøvernssjef

Vedlegg: Endra utsleppsløyve datert 10.9.2013

Kopi til:
Miljødirektoratet, epost
Bremanger kommune, epost
Eli Karin Rise, Lars Hilles gate 9, 5008 Bergen
Birger Haugland, Skogvegen 8B, 6723 Svelgen
Liv Marit og Håkon Dyrstad, p.b. 52, 6721 Svelgen
Ståle Martin Dyrstad, Dyrstadgrend, 6723 Svelgen
Trude Hessvik-Trøite, trude.hessvik@paragon24.no

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	
05 SEPT 2013	
Saksnr.	06/4314-83
Arkivnr.	461.3
Sakshand.	GH Avd. Mi



Likelydande

Oslo, 28.08.2013

Dykkar ref.:
[Dykkar ref.]

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
2013/3881

Sakshandsamar:
Anne Kathrine Arnesen

Avgjerd i klage over Fylkesmannen sitt vedtak om løyve etter ureiningslova til Bremanger Quarry AS - Bremanger kommune

Ståle Martin Dyrstad har klaga på Fylkesmannen i Sogn og Fjordane sitt vedtak datert 8.10.12 om løyve etter ureiningslova til Bremanger Quarry AS. Klaga tas til følge. Miljødirektoratet endrar Fylkesmannen sitt vedtak slik at grenseverdiane for støy i løyvets vilkår 5.1 også gjeld ved næraste nabo på Dyrstad.

Miljødirektoratet (tidligere Klima- og forureiningsdirektoratet) viser til klage frå Ståle Martin Dyrstad datert 21.10.2012 over Fylkesmannen i Sogn og Fjordane sitt vedtak gjeve 8.10.2012. Saka vart sendt over til Klima- og forureiningsdirektoratet med brev av 13.12.2012 frå Fylkesmannen.

Fylkesmannen sitt vedtak

I Fylkesmannen sitt vedtak datert 8.10.2012 fikk Bremanger Quarry AS endra utsleppsløyve for drift av steinbrot på Sætrfjellet og produksjon mv. på Dyrstad. Løyvet er gjeve i medhald av ureiningslova § 11, jf. § 16, og endra i medhald av § 18. Bakgrunnen var søknad frå verksemda om utvida produksjonsramme.

Klagegrunnar

Ståle Martin Dyrstad har klaga på vedtaket. Klagar viser til at han er næraste nabo og at han leigar ut ein del av eigedomen sin til Bremanger Quarry. Han har kommentar til at det i utsleppsløyvet står at støygrensene ikkje gjeld for dei som har økonomisk interesse i verksemda. Klagar viser til at dei har økonomisk interesse i, men ingen innflytelse over drifta, og at det i avtala mellom utleigarar og verksemda står at verksemda skal rette seg etter dei grenser Fylkesmannen set. Klagar meiner formuleringa i punkt 5.1 reduserer deira mogelegheit til å gripe inn ved høve der løyvet ikkje vert etterlevd, og ber om at denne formuleringa vert fjerna, eller at deira rettar vert eksplisitt nemnt i



løyvet.

Fylkesmannen sine merknader til klaga

Fylkesmannen viser i sitt brev av 13.12.2012 til at klagar ber om at fjerde ledd i vilkår 5.1, siste punktum vert fjerna. Fylkesmannen reknar med at klagar meiner siste setning i femte avsnitt som lyder "Støygrensene gjeld heller ikkje for bygning av nemnde typar som er eigd eller på annan måte disponert av nokon som har direkte økonomisk interesse i verksemda".

Fylkesmannen er ikkje samd med klagar i at vilkåret reduserer høvet til å klage på støy, men er samd i at løyvet opnar for å redusere plikta til verksemda når det gjeld å redusere støyemisjon. Fylkesmannen meiner vilkåret må forståast saman med forklaringa i oversendingsbrevet der dei seier at verksemda må få produsere mest mogeleg effektivt og økonomisk gunstig innafor rammene i deira krav, og at støykrav under visse produksjonsomstende kan synest vanskeleg å støtte heilt ved naboar som også har økonomiske interesser i verksemda. Vidare viser Fylkesmannen til at det i oversendingsbrevet vert sagt at løyvet derfor klargjer at det kan vere andre tiltak som kan vurderast for slike utsette eigedomar. Fylkesmannen meiner at naboar som har økonomiske interesser i anlegget må kunne godta andre tiltak enn tiltak ved kjelda, og viser til at dei hadde oppmoda partane om å møtast for å diskutere alternativ.

Utfyllande opplysningar

Klima- og forureiningsdirektoratet oppmoda i brev av 19.3.2013 Fylkesmannen om å hente inn nærare opplysningar i saka. Støymålingane som var lagt ved søknaden var frå 2008, og det vart i søknaden opplyst at det var gjort fleire tiltak for å redusera støy frå verksemda etter dette. Vi oppmoda derfor om opplysningar om støynivå ved dagens produksjon ved næraste nabo på Dyrstad, konsekvensar for verksemda av å måtte halde same støygrenser her som er sett ved andre bustader og kostnader for dette, og mogelege avbøtande tiltak.

Fylkesmannen har ved e-post av 10.7.2013 sendt over utfyllande opplysningar. Bremanger Quarry AS har fått gjennomført nye støymålingar og berekningar, og gjort greie for avbøtande tiltak som verksemda allereie har gjennomført.

Multiconsult har gjort målingar og berekningar av kombinasjonar av støykjelder og støy til omgjevnaden. I rapporten er resultatane vurdert opp mot grenseverdiane i løyvets vilkår 5.1, og støynivåa ved næraste nabo på Dyrstad er vurdert som tilfredsstillande i forhold til desse. Verksemda viser i sin e-post av 10.7.2012 til Fylkesmannen til at støyrapporten viser lavt støynivå, og at dei derfor ikkje har utarbeida kostnadskalkyler i forhold til å halde same støygrense ved Dyrstad som ved andre bustader.

Miljødirektoratet si vurdering

Når ureiningsmyndigheita avgjer om løyve skal gis og fastsetter vilkår, skal ein leggja vekt på dei ureiningsmessige ulemper ved tiltaket heldt saman med dei fordelar og ulemper som tiltaket elles vil medføre, jf. ureiningslova § 11 femte ledd.

I løyvet er det ikkje sett konkrete grenseverdiane for støy ved næraste nabo på Dyrstad. Miljødirektoratet meiner at grenseverdiane bør gjelde også her. Miljødirektoratet finner det ikkje relevant for fastsetting av vilkåra om støy i løyvet etter ureiningslova om nabo på Dyrstad har økonomiske interesser i verksemda. Dei nye målingane og berekningane som er gjennomført tyder



på at verksemda ikkje vil medføre støynivå ved Dyrstad som overskrider grenseverdiane i vilkår 5.1 i løyvet som gjeld ved andre naboar til verksemda. Det vil derfor heller ikkje føre til vesentlege konsekvensar for verksemda å måtte stette grenseverdiane også ved naboen på Dyrstad.

Konklusjon

Miljødirektoratet gir klagar medhald. I medhald av forvaltningslova § 34 gjerast følgjande endring i Fylkesmannen sitt vedtak av 8.10.2012 om løyve til Bremanger Quarry AS:

Siste setning i løyvets avsnitt 5.1 om utslippsgrenser som lyder "Støygrensene gjeld heller ikkje for bygning av nemnde typar som er eigd eller på annan måte disponert av nokon som har direkte økonomisk interesse i verksemda" fjernast.

Vedtaket er endeleg og kan ikkje klagast på, jf. forvaltningslova § 28.

Helsing
Miljødirektoratet

Bjørn Bjørnstad
avdelingsdirektør

Gunhild Dalaker Tuseth
seksjonssjef

Adresseliste:
Bremanger Quarry AS
Ståle Martin Dyrstad
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Gøsta Hagenlund
Telefon: 57643121
E-post: fmsfgh@fylkesmannen.no

Vår dato
08.10.2012
Dykkar dato

Vår referanse
2006/4314 - 461.3
Dykkar referanse

Bremanger Quarry as
Dyrstad
6723 SVELGEN

Bakgrunn for og forklaring til løyve til steinbrotet til Bremanger Quarry as og gebyr for sakshandsaming

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har handsama søknaden frå Bremanger Quarry as og har vedteke å gi løyve etter ureiningslova på visse vilkår. Tidlegare løyve vert oppheva og relevante vilkår teke med vidare i det nye løyvet. Løyvet med tilhøyrande vilkår vert send saman med dette brevet.

Vi viser til søknad frå Bremanger Quarry as, sendt via Multiconsult as datert 8.6.12, og tilleggssøknad datert 15.6.12.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har gitt Bremanger Quarry as utsleppsløyve for drift av steinbrot på Sætrefjellet og produksjon m.v. på Dyrstad. Utsleppsløyve med vilkår vert send saman med dette brevet. Løyvedokumentet er eit juridisk bindande dokument for verksemda. Generelt gjeld då at brot på vilkår i dokumentet kan straffast. Verksemda må leggje dokumentet til grunn for dagleg drift og som viktig føring for utarbeiding og oppfølging av internkontroll. Merk også at vedlegga til løyvet er ein del av dei juridiske krava til verksemda.

Vi vil streke under at all ureining frå verksemda isolert sett er uønskt. I løyvet er det difor sett krav om at alle utsleppa må reduserast så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Dette gjeld også for utslepp det ikkje uttrykkelig er satt grenser for. Verksemda må også arbeide for reduksjon jamvel om utsleppa vert halde innafor fastsette utsleppsgrenser.

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som vi meiner har mest å seie for miljøet, er uttrykkeleg regulert gjennom spesifikke vilkår i løyvet. Utslepp som ikkje er regulert på denne måten, er omfatta av løyvet i den grad opplysningar om slike utslepp vart lagt fram i samband med saksbehandlinga eller må sjåast på å ha vore kjent på annan måte då vedtaket ble gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte stoff som er omtalt i vilkår 2.1. i løyvet.

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

Saksframstilling

Løyve til oppstartsfase og drift av steinbrot på Sætrefjellet og produksjon ved Dyrstad vart gitt av Fylkesmannen i 2000. I 2009 vart vilkår for løyvet endra slik at overflatevatn frå brotområdet vart tillate ført nordover til Hennøysund.

Verksemda har no auka produksjonen, og har søkt om utvida rammer. Bremanger kommune har også handsama søknad om utvida produksjonsområde, og gjort endeleg planvedtak.

Fylkesmannen har også vurdert om miljøomsyn ved drifta i tilstrekkeleg grad vert teke omsyn til ved nye, generelle krav i kap. 30 i ureiningslova. Vi meiner at § 30-2 i ureiningsforskrifta viser at desse krava ikkje direkte gjeld denne type aktivitet. Storleik, plassering, ulike resipientar og særleg forhold gjer også at vi vurderer at det er behov for særskilt utsleppskonsesjon (løyve). Det er behov for fleire tilleggskrav og dels nokre unntak frå dei generelle krava i forskrifta. Omsynet til naboar tilseiar også at ei så stor verksemd bør ha nærare presiserte krav til vern mot ureining.

Bakgrunn

Drift av verksemda er omtalt i tidlegare løyve. I seinare tid er m.a. sedimenteringsbassenget ved Dyrstad flytta, det er bygt nytt administrasjonsbygg og vedlikehaldsavdeling. Verksemda kan gjere endringar i infrastruktur, bygningar sine former, tal og funksjon utan at det i seg sjølv utløyser ny vurdering etter ureiningslova. Alle endringar som kan ha noko å seie for ureiningstilhøve eller handtering av avfall, skal meldast til Fylkesmannen på førehand, som då vil vurdere planlagde endringar mot gjeldande løyve.

Saksgang

Søknaden har vore utlagt til offentleg gjennomsyn til 20.8.12, og sendt til adresseliste motteke frå søkjar – som vart nytta under siste plansak. Det har vore eit par feil i lista, og kommunen fekk ikkje direkte melding. Høyringsfrist var difor noko lengdd.

Vi vurderer at saka no er godt nok opplyst til at vedtak kan gjerast.

Uttaler

Stiftelsen Bergens sjøfartsmuseum viser til sin uttale til plansaka. Dei går ut frå at sedimenta vert liggande att i fjellsida og ikkje kome til Hennøysundet. Dei har ikkje merknadar til drift på fjellet eller på Dyrstadsida.

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren på Svalbard har ikkje merknadar til søknaden.

Fiskeridirektoratet region Vest krev at spreing av partiklar som kan skade fisk og øydeleggje det nærliggande fiskeområde (Frøysjøen) vert unngått. Dei krev også å få revidert kontrollplan for kontroll av utslepp til uttale.

Grunneiere på Hennøystrand ved Eli Karin Rise, Birger Haugland og Vidar Haugland meiner steinbrotet vil vere i konflikt med deira planar om steinbrot på Aksla, og at Skorabovatnet ikkje har kapasitet til å verke som sedimenteringsbasseng for begge anlegga. Dei meiner Skorabovatnet (Skorabottenvatnet) må sjåast på som ein resipient med strenge krav for sine egne planar. Dei ønskjer ikkje at søkjar skal få løyve til utslepp mot Hennøysundet.

Liv Marit og Håkon Dyrstad er næraste nabo på vestsida av Bremanger Quarry as, og har økonomiske interesser i drifta. Dei viser til at støymålingar viser for høge verdiar, og at

måling ikkje er gjort etter at nytt sorteringsanlegg har kome på plass. Det er ikkje rett at det ikkje er klagar på støy ved anlegget.

Norges vassdrags- og energidirektorat meiner det ikkje er behov for ytterlegare vurdering av auka vassutslepp mot Frøysjøen så lenge tiltaket skjer i samsvar med reguleringsplan.

Ståle Martin Dyrstad er næraste nabo til verksemda og har økonomiske interesser i drifta. Han viser til at det til tider er høg, målt støy og at verksemda søker om auka støyutslepp. Han viser også til at som grunnlag for avtalen mellom grunneigarane og søkjar, var støynivå på 40 – 45 dB under lasting ved bustaden. Han krev reduserte støyutslepp og vil ikkje vurdere økonomiske kompensasjonstiltak. Han ber også om at det vert sett mengdeavgrensing på kor mange skip som kan laste per måned, og at det bør gjerast med større skip.

Når det gjeld støv meiner han det er uakseptabelt at det er grunneigar som må melde frå om manglar ved støvdempinga.

Han viser til at drifta er planlagt endra til å kunne produsere ulike kvalitetar sikta masse, og at det må kunne skje utan auka utslepp.

Trude Hessvik-Trøite stiller spørsmål om det må kunne produserast heile døgnet heile året. Hessvika (ligg om lag 1,3 km vest for Dyrstad) får meir støy ved sortering av masse ved levering til "Rockpiper", og at støy ved levering til slike typar båtar gir meir støy enn berre lasting med lasteband.

Ho og andre naboar har reagert på sprenging etter kl. 22000 den 25.7.12, på grunn av tidspunkt, storleik og at dei ikkje vart førehandsvarsla.

Ho meiner økonomisk kompensasjon for støybelastning bør diskuterast.

Ho viser til at støv i sjøen kan vere høgare enn rekna ut i søknaden, og at det kan spreie seg over eit større område, jf. at ho har observasjonar om støv i sjøen ved Hessvika.

Vegen frå Sande til Dyrstad meiner ho ikkje er dimensjonert for auka tungtrafikk til anlegget.

Søkjar sin kommentarar

Analysar av vatn til Hennøysundet viser så langt ikkje partiklar eller steinstøv, og kan difor ikkje skade fisk.

Dei meiner Skorabovatnet vil fungere godt som sedimenteringsbasseng, og det er også mogeleg å auke opphaldstid om nødvendig. Vatnet har difor nok kapasitet til sedimentering, også om Aksla skulle verte starta opp.

Steinstøv i sjøen på Dyrstadsida meiner dei kjem for det meste frå tida før nytt vasskilje vart etablert, og at det såleis er mindre no. Dette vil også uavhengig gransking vise.

Vegen er ikkje spesielt nytta til industriføremål, men bruk er vesentleg av mindre bilar for persontransport.

Tiltak mot støy på anlegget vert kontinuerleg vurdert, også tilpassing av produksjon. Om ikkje dette er tilstrekkeleg, vil verksemda også kunne iverksetje tiltak på nabotomt.

Fylkesmannen sine vurderingar og grunngjeving for fastsette vilkår

Fylkesmannen har ved avgjerda av om løyve skal gjevast og ved fastsetjinga av vilkåra lagt vekt på dei ureiningsmessige ulemper ved tiltaket samanhalde med dei fordelane og ulempene som tiltaket elles vil føre med seg. Ved fastsetjinga av vilkåra har Fylkesmannen vidare lagt til grunn kva ein kan nå med beste tilgjengelege teknikkar.

Tilhøva til naturmangfaldlova og vassforskrifta

I tillegg til retningslinene i ureiningslova, er også prinsippa i §§ 8-12 naturmangfaldlova lagt til grunn for vår vurdering.

Fylkesmannen har også vurdert om det omsøkte utsleppet kan kome til å verte i strid med vassforskrifta sine reglar om reduksjon av tilstandsklasse i vassførekomsten til lågare enn "god".

Det er ikkje grunn til å tru at utslepp frå verksemda vil kunne føre til lågare tilstand enn "god" i vassførekomsten Frøysjøen (0282010100-C). Denne vassførekomsten er ikkje ferdig tilstandsklassifisert, men ei førebels vurdering tyder på god økologisk tilstand.

Det er ikkje grunn til å tru at utslepp frå verksemda vil kunne føre til lågare tilstand enn "god" i vassførekomsten Nordgulen (0282010400-C). Denne vassførekomsten er ikkje ferdig tilstandsklassifisert, men ei førebels vurdering tyder på moderat økologisk tilstand, vesentleg på grunn av usikkerheit om industriutslepp frå Svelgen. Utslepp frå søkjar vil følgast nærare opp med gransking og overvaking i driftsfase.

Verksemda kan bidra med utslepp som har noko å seie for lokal vasskvalitet i vassførekomsten. Dei må difor bidra med data om utslepp og verknadar av eigne utslepp. Overvakinga er nærare presisert i vilkåra, men krava kan verte utvida dersom resultatata viser at bidraga kan ha noko å seie for heile vassførekomsten. Av moglege tema vil vi nemne aktuelle biologiske kvalitetselement med støttparameter og kjemiske kvalitetselement. Nærare omtale finn de i vedlegg V til vassforskrifta. I vilkåra er det difor stilt krav til gransking av vassførekomsten / ev. at dei bidreg i eit felles overvåkingsprogram. Data frå overvakinga skal rapporterast til databasen Vannmiljø. Importformat må ein hente frå <http://vannmiljokoder.klif.no>.

Vurdering av verknad av utslepp og menneske sin helse**Hennøysundet og Skorabovatnet**

Vi tar til etterretning at Skorabovatnet skal setjast av til industriføremål, der det viktigaste føremålet til vatnet vil vere som sedimenteringsbasseng. Fylkesmannen vurderer at vassutsleppa til Hennøysundet er små, og at det meste av utsleppa vil verte sedimentert før eller i Skorabovatnet. Det skal etter vårt syn mykje større utslepp til før vassførekomsten Frøysjøen kan seiast å vere påverka av steinstøv frå Sætrefjellet. Ved denne vurderinga ser vi ikkje bort frå at det i periodar eller enkeltepisodar – kan hende under uvanlege vertilhøve, kan skje visuell blakking av eit mindre overflateområde like ved avrenninga til sjøen. Vi har likevel sett strengare krav til innhald i steinstøv (målt som suspendert stoff) til resipienten enn standardkravet gir høgde for. Dette vert grunngeve med at vassmengdene er høvesvis store og utsleppet skjer til overflata. Etter vårt syn kan ein ikkje sjå bort frå at nærområdet ved Hennøysund vil kunne verte blakka i periode med spesielle vertilhøve. Vi vurderer at risikoen vil vere noko større dersom standard krav til suspendert stoff utslepp i overflata vert lagt til grunn for utsleppskravet. Resultat frå overvakinga så langt, har vist at utsleppet til vanleg ligg langt under det nye utsleppskravet. Vi ser difor ingen grunn til å pålegge verksemda nærare gransking av dette sjøområdet, men vil ønske velkomen brukarane sine observasjonar, gjerne med bilete eller annan dokumentasjon. Dersom utsleppa vil vise seg å kunne verte meir enn "ubetydelege", vil vi vurdere nye krav.

Nordgulen ved Dyrstad

Steinstøv har lagt seg på sjøbotn i nærrområde. I tilstrekkeleg store mengder vil slikt støv kunne kvele mykje liv eller endre botnforhold, og kunne påverke negativt nokre hundre meter på kvar side av verksemda. Omfang og ev. skade vil verte nærare granska. Utslepp av steinstøv ved Dyrstad har vore uakseptable og ikkje i samsvar med krav i tidlegare løyve. Verksemda har tidlegare ikkje tilstrekkeleg teke omsyn til støvutslepp i sjøen. På den andre sida har verksemda hatt liten plass å betre forholda på, og dels vore i ein oppstartprosess. Verksemda er no godt etablert, og har utsikt til ytterlegare utviding. Utslepp til fjorden ved Dyrstad må difor frå no til ein kvar tid vere minimale. Verksemda må leggje stor vekt på utforming av, rutinar for og drift av sedimenteringsbasseng. Dersom støvutslepp til sjøen er for høge, må verksemda stanse produksjon inntil tilhøva er utbetra. Kravet til dykka utslepp av steinstøv (målt som suspendert stoff) er sett likt med nivået i standardkrava (kap. 30 i ureiningsforskrifta). Kravet er endra frå tidlegare, då det var sett krav til teknisk innretning av sedimenteringsbassenget. Det var ikkje krav til måling av utsleppet. No er det sett funksjonskrav til effekten av sedimenteringa, og krav til å dokumentere utslepps nivået. På grunn av høvesvis store vassmengder gjennom systemet, har vi vore i tvil om nivået kan vere sett for høgt. Det ligg føre enkeltmålingar av nivået i utsleppssøknaden, som viser at langt betre reinseresultat enn vårt standard krav truleg kan nåast. Kravet kan måtte vurderast på nytt når resultat av normalt utslepps nivå og tilstand i sjøområdet ligg føre.

Utslepp av støv til luft

Det er sett maksimalgrenser til nedfall av mineralsk støv hos naboane, og dette må målast jamleg. Generelt synest støvutslepp av støv til luft å vere godt handtert, og utgjør ei mindre utfordring. Likevel skjer enkeltepisodar, jf. også uttalene til søknaden.

Det er ikkje akseptabelt at naboar skal vere ei hovudkjelde til rapportering av støvutslepp. Dette må verksemda fange opp i sine rutinar og melde til Fylkesmannen som større avvik i samsvar med vilkår 9.4 eller oppsummert i årsrapporten vi ber om i vilkår 12.2. Uhell kan skje, og ved ekstraordinære støvutslepp må vidare produksjon/transport/lasting stoppe inntil tilhøvet er betra.

Støy

Grensene til støyutslepp vi har sett i løyvet er sett likt med regulering av støygrenser frå annan spesifikk industristøy i fylket. Merk at både verdiar og nemningar av verdiane har endra seg frå tidlegare standard. Avhengig av føremål og varigheit av støy, vert uttrykk for støy omtalt på noko ulik måte. Vi nyttar ekvivalentverdiar som er basert på eit gjennomsnittsnivå over den delen av døgnet grensa gjeld for (om natta likevel berre for den tida det er aktivitet). Resultat av ei støygransking er såleis ikkje mogeleg å oppnå berre ved måling av lydtrykk, og det er også vanskeleg å direkte samanlikne med tidlegare standard nemningar.

Støy er generelt eit vanskeleg regulerbart tema, og ulempe frå støy kan oppfattast ulikt. Subjektivt kan ein også slå fast at oppleving av støyulempe er individuell. Mange opplever ulempe ved langt lågare støyemisjon enn ved våre grenseverdiar.

Støy som i vesentleg grad går ut over trivsel, eller kan redusere økonomiske interesser hos uskuldig tredjepart, kan også ha krav på kompensasjon – jamvel om støyimmisjonen er lågare enn i våre standardiserte krav. Merk likevel at utsette bygningar som er etablert eller

har fått endra bruksstatus etter at verksemda fekk løyve i 2000, ikkje vil ha same krav på vern mot støy.

Jamvel om verksemda held seg innafor våre støygrensar, har dei likevel plikt til å unngå all unødig støy, og å halde støyen til ei kvar tid så låg som mogeleg.

Verksemda ber om utvida driftstider i høve til rammer i tidlegare løyve. I samsvar med generell endring av kravstilling når det gjeld driftstider og støy, har Fylkesmannen ikkje sett krav om spesielle driftstider. Aktiviteten er derimot regulert heile døgnet av ulike krav til støyuetslepp. Krava er strengare kveld- og nattetid. Om verksemda kan halde på utanom vanleg dagtid, er difor avhengig av at gitte støygrensar kan haldast.

Søknad om høgare lokal støygrense ved samtidig produksjon og lasting, vert ikkje direkte imøtekome. Verksemda pliktar uansett støygrensar å gjere det som er teknisk og økonomisk mogeleg for å redusere støy frå all aktivitet. Det som skjønsmessig vert å nemne som "unødvendig" støy er ikkje tillate. På den andre sida, må verksemda få produsere mest mogeleg effektivt og økonomisk gunstig innafor rammene i våre krav. Under visse produksjonsomstende kan støykrav synest vanskeleg å stette heilt for eigedomar som også har økonomiske interesser i verksemda. Løyvet klargjer difor at det kan vere andre tiltak som kan vurderast for slike utsette eigedomar.

På spesielle helge-, sørgje-, fest- eller høgtidsdagar meiner Fylkesmannen at dei mest støyande aktivitetane bør opphøre. Det er difor sett krav om lastestopp i slike dagar. Døme på variable, lokale fest- eller sørgjedagar kan vere gravferd, dåp, konfirmasjon o.l.

Om ev. kompensasjon

Verksemda bidreg positivt til nærmiljøet med delar av sin aktivitet, den er viktig for Bremanger og er ein viktig lokal arbeidsplass. Verksemda bidreg også med produkt av høg kvalitet som synest å verte etterspurd meir og meir på den europeiske marknaden. Verksemda kan ikkje i praksis flyttast frå sitt noverande stad.

Fylkesmannen vurderer at dei samla miljø- og helsemessige konsekvensane av utsleppa – med dei vilkåra som er sette, vil vere akseptable. Vi har likevel spurt i høyringa, og delvis kommentert i dette oversendingsbrevet, om behov for eller nødvendighet av andre kompensierende tiltak enn direkte utsleppsreduksjonar. Dette spørsmålet er ikkje ferdig vurdert, og kan vere eit dynamisk spørsmål knytt til reell og opplevd ulempe frå aktivitetar ved verksemda.

Avfall

Alt avfall som verksemda sjølv ikkje kan utnytte eller gjenbruke skal leverast vidare til godkjent mottak. Det er berre Fylkesmannen eller Klima- og forureiningsdirektoratet som kan godkjenne nærare kven som kan motta avfall. Nokre sentrale krav er presiserte i vilkåra, men det vert streka under at både ureiningslova og avfallsforskrifta (jf. spes. kap. 11 om farleg avfall) set fleire krav til avfallshandteringa enn det som er omtalt her.

Omtale av nokre andre enkeltkrav

Nærmiljøet skal vere sikra mot ulempe. Nokre typiske sikringstiltak er gjerde, låsing, bekjemping av skadedyr, støyvull, innbygging, tett tank, m.m. Tiltak må heile tida vurderast

opp mot det som er mogeleg basert på beste tilgjengelege teknikkar, risikovurdering (jf. internkontrollforskrifta) og samspel med representantar for nærmiljøet. Døme på tiltaksområde kan vere høgd/storleik sikringsvoll, spesifikk støydemping, lys, lukt, støv og anna.

Transport. Vi kan ikkje sjå at aktiviteten ved verksemda fører med seg noko spesielt større belastning på vegnettet enn det ein må rekne med at offentleg veg skal vere dimensjonert for. Aktiviteten ved verksemda medfører ikkje nemneverdig auka transport av produkt på veg.

Konklusjon

På bakgrunn av søknaden og etter ei heilskapleg vurdering av miljømessige, tekniske og økonomiske forhold har Fylkesmannen kome til at det kan gjevast nytt utsleppsløyve på nærare spesifiserte vilkår. Løyvedokumentet (utsleppskonsesjon) vert sendt saman med dette skrivet. Dei juridiske krava som elles ikkje går fram av lov- og forskriftsverket, eller er presisert eller innskjerpa i høve til det generelle regelverket er samla i løyvedokumentet.

Fristar

Tabellen nedanfor gir oversikt over fristar for gjennomføring av tiltak som løyvet krev:

Tiltak	Frist	Tilvising til vilkår
Internkontroll for ytre miljø	d.d.	2.6 Internkontroll- forskrifta
Reinsing til vatn (sedimenteringsbasseng)		3
Reinsing til luft (fukting, ev. støvavsug, port)		4
Substitusjon av kjemikal	Jamleg	7 Produktkontroll- lova § 3a
Oppdatert miljørisikoanalyse		9.1
Ha etablert beredskap mot akutt ureining	straks	9.3
Øving av beredskap	Min. årleg	9.3
Finansiell garanti		13
Overvakingsprogram (del av internkontroll)		10 og 11
Rapportering til ureiningsstyresmakta	15.3 årleg	12.2
Gransking av resipient ved Dyrstad	2012/13	11
Oversikt over miljøpåverknad frå aktiviteten	Årleg til ålmenta	Miljø- informasjonslova

Vedtak om gebyr

Fylkesmannen si handsaming av søknader om nytt eller endra utsleppsløyve er omfatta av ei gebyrordning, jf. kap. 39 i ureiningsforskrifta og varsel om gebyr av 6.7.2012.

Verksemda skal betale eit gebyr på kr. 51 700,- for Fylkesmannen si handsaming av søknaden, jf. § 39-4 i ureiningsforskrifta. Faktura med innbetalingsblankett vert sendt ut seinare av Klima- og forureiningsdirektoratet. Gebyret forfell til betaling 30 dagar etter fakturadato.

Generelle føresetnader for løyvet og informasjon om regelverket

Internkontroll

Forskrift om systematisk helse-, miljø og sikkerhetsarbeid (internkontrollforskrifta) er eit felles regelverk for tilsynsetatane som er kjent som HMS-etatane. Regelverket og korleis ein generelt må arbeide for å stette krava, er nærare omtalt på www.regelhjelp.no. Krava om tiltak for "ytre miljø" (tiltak for vern mot ureining og ei betre handtering av avfall) gjeld alle verksemdar som har minst ein tilsett. Plikta til internkontroll som gjeld det ytre miljøet er difor presisert i vilkåra. Forskrifta omtalar kva for oppfølging av krav som må dokumenterast skriftleg, og korleis ein bør organisere arbeidet.

Den skriftlege dokumentasjonen må tilpassast type og omfang av ulike aktivitetar. Arbeid som ikkje er grunna på gjennomført, skriftleg og oppdatert risikovurdering med oppfølgande handlingsplan, vil ikkje stette minimumskrava i forskrifta. Verksemda må også sikre skriftlege rutinar for førebyggjande vedlikehald av alt utstyr og produksjonsprosessar som kan føre til utilsikta utslepp. Driftsinstruksar og driftsjournalar må førast for alle prosessar og aktivitetar som vil ha noko å seie for det ytre miljøet. Det må t.d. også etablerast, vedlikehaldast og konkretiserast eigne mål for internkontrollarbeidet, dei tilsette må medverke og det må lagast og vedlikehaldast plan for kompetanseutvikling når det gjeld ytre miljø.

Merk at det framleis er ei vanleg mistyding å berre omtale krav etter internkontrollforskrifta som gjeld "indre miljø" (dvs. arbeidsmiljøet) som HMS-krav (helse – miljø – sikkerheit), medan tilsvarande HMS-krav etter internkontrollforskrifta som gjeld ytre miljø (ureining og avfallshandtering) vert omtala på annan måte. Vi vil såleis generelt presisere at HMS-krav etter internkontrollforskrifta gjeld fullt ut for det ytre miljøet.

Andre viktige miljølovkrav

I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å følgje krava i ureiningslova og produktkontrolllova, og forskriftene som er heimla i desse lovene. Nokre av desse lovkrave er nærare omtalt eller presisert i løyvet. Viktige lovreglar generelt vil de finne på www.lovdatabasen.no eller via www.regelhjelp.no.

Graving eller mudring

Graving, mudring eller andre tiltak som kan påverke ureina grunn eller ureina sediment, treng løyve etter ureiningslova, ev. godkjenning frå kommunen¹

¹ Jf ureiningsforskrifta kapittel 2 om opprydning i ureina grunn ved bygge- og gravearbeider og ureiningsforskrifta kapittel 21.

Endring eller tilbakekalling av løyvet

Fylkesmannen kan gjere endringar i dette løyvet med heimel i § 18 i ureiningslova. Endringar skal vere grunna på skriftleg saksbehandling og ei forsvarleg utgreiing av saka. Ein eventuell endringssøknad må difor liggje føre i god tid før endring kan gjennomførast.

Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for ureiningsstyresmaktene eller den som desse gjev fullmakt, få inspisere anlegget til ei kvar tid jf. ureiningslova kap. 7.

Tvangsmulkt, straff

Brot på løyvet er straffbart etter ureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følgjer direkte av ureiningslova og produktkontrolllova samt forskrifter fastsett i medhald av disse lovene, er straffbart.

Ved avvik frå løyvet eller ureiningslova kan Fylkesmannen gje pålegg om igangsetjing av tiltak for å rette opp avvik, jf. ureiningslova § 7, siste ledd. Dersom pålegget ikkje vert følgt opp kan Fylkesmannen fatte vedtak om tvangsmulkt til staten, eller vi kan for dykkar rekning setje i gang tiltak (ureiningslova §§ 73 og 74).

Erstatningsansvar

At ureininga er tillete, fritek ikkje verksemda frå eventuelle erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som følgje av ureininga, jf. ureiningslova § 10 og kap 8 (spesielt § 56), samt grannelova §§ 6, 7 og 8.

Dette løyvet fritek ikkje søkjaren for å ansvar i høve til anna lovverk som gjeld for denne verksemda, t.d. arbeidsmiljø-, helse- og brannvernreglar.

Klagerett

Vedtaket - også plasseringa i risikoklasse, kan klagast på til Klima- og forureiningsdirektoratet av partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker etter melding om vedtak er kome fram eller frå vedkommande fekk eller burde skaffa seg kjennskap til vedtaket. Ein eventuell klage skal oppgje nærare kva det vert klaga på og den eller dei endringane som ein ønskjer. Klagen bør grunngjevast, og andre opplysningar som har noko å seie for saka bør nemnast. Klagen skal sendes til Fylkesmannen.

Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket vert utsett. Fylkesmannen eller Klima- og forureiningsdirektoratet kan etter oppmoding eller av eige tiltak avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Avgjerda av spørsmålet om gjennomføring kan ikkje påklagast.

Med visse avgrensingar har partane rett til å sjå sakens dokumenter. Nærare opplysningar om dette kan ein få ved å vende seg til Fylkesmannen. Andre opplysningar om reglar som har noko å seie for saka vil Fylkesmannen også kunne gje på førespurnad.

Offentleggjering av løyvet

Vedtaket vert kunngjort offentleg for dykka rekning, jf. § 36-11 i ureiningsforskrifta.

Kunngjeringa vil innehalde ei kort orientering om løyvet, kvar ein kan vende seg for å få

innsyn i saksdokumenta, og opplysningar om klageinstans og frist for ev. klage på vedtaket. Løyvet vert også lagt ut på www.miljostatus/sfj.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
fylkesmiljøvernsjef

Gøsta Hagenlund
ass. fylkesmiljøvernsjef

Send saman med dette skrivet: Utsleppsløyvet med vilkår

Kopi til: Klima og forureiningsdirektoratet
Gloppen kommune
Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum, p.b. 7800, 5200 Bergen
Direktoratet for mineralforvaltning
Fiskeridirektoratet region Vest
Eli Karin Rise, Lars Hilles gate 9, 5008 Bergen
Birger Haugland, Skogvegen 8B, 6723 Svelgen
Liv Marit og Håkon Dyrstad, p.b. 52, 6721 Svelgen
Norges vassdrags- og energidirektorat region Vest
Ståle Martin Dyrstad, Dyrstadgrend, 6723 Svelgen
Trude Hessvik-Trøite, trude.hessvik@paragon24.no
Multiconsult as, Bergen



Løyve etter ureiningslova for steinbrot på Sætrefjellet og Dyrstad Bremanger Quarry as

Løyvet er gitt i medhald av § 11 jf. § 16, og endra i medhald av § 18 i lov om vern mot forurensningar og om avfall av 13. mars 1981 nr. 6 (ureiningslova). Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar gitt i søknad av 8.6.12 og 15.6.12 samt opplysningar framkome under behandlinga av søknaden. Løyvet gjeld frå dags dato og på dei vilkåra som er gjevne i dette dokumentet. Forklaring til enkelte av vilkåra står i oversendingsbrevet.

Med heimel i § 18 i ureiningslova erstattar dette løyvet følgjande løyve: 20.3.2000 med endring 27.4.2009 og 8.10.2012.

Dersom verksemda ynskjer å gjere endringar i høve til opplysningar som er gitt i søknaden eller under saksbehandlinga, og desse endringane kan ha innverknad på miljøet, må endringane avklarast skriftleg med Fylkesmannen på førehand.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er tatt i bruk innan 2 år etter at løyvet er gitt, skal verksemda sende Fylkesmannen ei utgreiing slik at vi kan vurdere eventuelle endringar i løyvet, slik som attendetrekking eller utferding av nytt løyve.

Verksemddata

Verksemd:	Bremanger Quarry as		
Stad, adresse, poststad	Dyrstad, 6723 Svelgen		
Gards- og bruksnr.	Del av gnr. 36 (Dyrstad) og del av gnr. 76 (Hennøen)		
Kommune og fylke	Bremanger i Sogn og Fjordane		
Org. nummer (føretak/eigd av)	979 844 220	Org.nr. (verksemd)	979 969 821
NACE-kode	08.111 Bryting av stein		

Fylkesmannen sine referansar

Arkivkode	Anleggsnummer	Løyvenummer	Bransje	Risikoklasse ¹
06/4314	1438.0004.01	2012.223.T	landbasert	3

Løyve gitt: 20.3.2000	Endringsnummer: 3	Denne endringa: 10.9.2013
Nils Erling Yndesdal fylkesmiljøvernsjef	Gøsta Hagenlund assisterande fylkesmiljøvernsjef	

Kopiadressatar: Sjå liste i oversendingsbrevet.

¹ Jf. ureiningsforskrifta kap. 39 om gebyr til statskassen for arbeid med tillatelser og kontroll etter ureiningslova

Innhold

1. Produksjonsforhold - rammer.....	3
2. Generelle vilkår.....	3
2.1. Plikt til å redusere ureining så langt som mogleg.....	3
2.2. Oppfølging av grenseverdier.....	3
2.3. Internkontroll, HMS-dokumentasjon ytre miljø.....	3
2.4. Tiltak ved auka ureiningsfare eller unormale driftsforhold.....	4
2.5. Nærmiljø.....	4
3. Utslepp til vatn.....	5
3.1. Utsleppsavgrensingar Nordgulen.....	5
3.2. Utsleppsavgrensingar Frøysjøen.....	5
3.3. Utsleppsreduserande tiltak, reinsing m.m.....	6
3.4. Utsleppstad for prosessavløp.....	6
3.5. Overflatevatn.....	6
4. Utslepp av støv.....	6
5. Støy.....	7
5.1. Utsleppsgrenser.....	7
5.2. Dokumentasjon på støynivå.....	7
5.3. Sprenging av fjell.....	8
6. Grunnureining og ureina sediment.....	8
7. Kjemikal.....	8
8. Avfall.....	9
8.1. Generelle krav.....	9
9. Førebyggjande tiltak og beredskap mot akutt ureining.....	9
9.1. Miljørisikoanalyse.....	9
9.2. Førebyggjande tiltak.....	10
9.3. Etablering av beredskap.....	10
10. Prøvetaking, analyse og utrekning av utslepp.....	10
11. Oppfølging av resipient.....	11
12. Rapportering til Fylkesmannen.....	11
12.1. Overvakingsdata resipient.....	11
12.2. Årleg rapport.....	11
13. Økonomisk sikkerheit.....	11
14. Større endringar.....	12
14.1. Utsifting av utstyr.....	12
14.2. Eigarskifte.....	12
14.3. Nedlegging eller lengre driftsstans.....	12
VEDLEGG 1 - Liste over prioriterte stoff, jf. punkt 2.1.....	14
VEDLEGG 2 – Innhold i årsrapport.....	15

1. Produksjonsforhold - rammer

Løyvet gjeld ureining som følgjer av sprenging og uttak av stein, og produksjon som m.a. nedknusing, mellomlagring og utskipping av produkt på omtalt område mellom Dyrstad og Sætrefjellet i Bremanger kommune. Løyvet set også tilleggskrav i høve til lovverket når det gjeld handtering av avfall frå verksemda. Løyvet gjeld for ein årleg produksjon frå inntil 5 millionar tonn fast fjell per år². Ved vesentlege endringar skal verksemda søke om endring av løyvet, jamvel om utsleppa ligg innafor dei fastsette grensene.

Løyvet gjeld berre for omtalt aktivitet innafor dei areala som er avsett av planstyresmakt.

2. Generelle vilkår

2.1. Plikt til å redusere ureining så langt som mogleg

Verksemda må arbeide kontinuerleg for å hindre at ureining oppstår eller aukar, for å avgrense ureining og for ei best mogeleg avfallshandtering. Jamvel om utsleppa vert haldne innafor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere sine utslepp. For å unngå, eller avgrense ureining og avfallsproblem, skal de nytte den teknologien som ut frå ei samla vurdering – også av økonomiske tilhøve, gir dei beste resultatata for noverande og framtidig tilstand i miljøet. Plikta omfattar også utslepp av komponentar det ikkje er sett spesifikke grenser for.

Utslepp av stoff oppført i vedlegg 1 er berre tillate dersom dette går tydeleg fram av vilkåra i løyvet, eller dei er så små at dei må sjåast på som uvesentlege for miljøet.

2.2. Oppfølging av grenseverdier

Alle grenseverdier skal haldast innafor dei fastsette midlingstidene. Variasjonar i utsleppa innafor dei fastsette midlingstidene skal ikkje avvike frå kva som følgjar av normal drift i ein slik grad at dei kan føre til auka skade eller ulempe for miljøet.

2.3. Internkontroll, HMS-dokumentasjon ytre miljø

Etter gjeldande forskrift³ pliktar verksemda å etablere, drive etter og jamleg oppdatere internkontroll som gjeld for ytre miljø. Internkontrollen skal bygge på ein dokumentert og oppdatert risikovurdering av fare og sannsynlegheit for utslepp og manglar ved kjemikal- og avfallshandtering. Eiga oppfølging skal mellom anna sikre at verksemda held krava i dette løyvet, ureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene. Verksemda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

² Svarande til om lag 1,9 mill. m³ fast fjell. Omrekna til produsert masse: Om lag 2,5 mill. m³.

³ Jf. forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter av 06.12.1996 nr. 1127 – eller seinare utgåve (internkontrollforskrifta)

2.4. Tiltak ved auka ureiningsfare eller unormale driftsforhold

Dersom det som følgje av unormale driftsforhold eller av andre grunnar oppstår fare for auka ureining eller manglande avfallshandtering, pliktar verksemda å setje i verk dei tiltaka som er nødvendige for å fjerne eller redusere den auka faren, også om nødvendig å redusere eller innstille drifta.

Verksemda skal straks informere⁴ Fylkesmannen og nabolag

- når utsleppsmåling viser verdi over tillate utslepp,
- når det vert planlagt aktivitet som mellombels kan føre til at immisjonskrav til støy, støv eller lukt mellombels er høgare enn normalt,
- mottak av avfall/råvarer som viser seg å kunne gje uføresette utfordringar,
- i situasjonar der utstyr, maskinar eller anna kritiske installasjonar for vern mot utslepp sviktar,
- når avfall vert lagra lenger tid eller på annan måte enn normalt.

Ved gjentekne hendingar skal verksemda etablere eit dokumentert system for registrering av klager/meldingar og eiga oppfølging. Verksemda skal gje ei vurdering av årsak til hendinga, kva som har skjedd og tiltak som er sett i verk eller som er planlagt for å motverke og avgrense verknadar og hindre gjentaking. Informasjonen skal gjerast kjent for nabolag og Fylkesmannen.

2.5. Nærmiljø

Den ansvarlege skal utarbeide driftsrutinar som sikrar at nærmiljøulempene som følgje av drifta vert redusert til eit minimum.

Alt råstoff, produksjonseiningar, avfall, produkt m.m. som kan utgjere ein ureiningsfare eller på annan måte vere ein fare eller ulempe for miljøet skal vere sikra mot tilgjenge frå uvedkomande.

Alle lagertankar for flytande råstoff, tilsatsstoff, innsatskjemikal eller avfall som kan utgjere ein ureiningsfare eller på annan måte vere ein fare eller ulempe for miljøet skal sikrast mot overfylling og lekkasje. Tankvolumet med større kapasitet enn 3 000 liter, skal sikrast med oppsamlingsvolum tilsvarande kapasiteten på tanken pluss 10 % av lagervolumet til tanken. Tankar i same området kan sikrast med oppsamlingsvolum tilsvarande kapasiteten på største tanken pluss eit tillegg på 10 % av lagervolumet til den største tanken.

Før lasting av produkt skal aktuelle naboar varslast. Varslinga skal kort omtale m.a. venta ankomst og avgang, venta lastetider og om det er venta spesielle utfordringar under lastinga.

Verksemda skal, etter nærare drøfting med Fylkesmannen, kompensere nærmiljøet for ulemper ved drifta. Kompensasjon kan utløysast jamvel om drifta er i samsvar med vilkåra i dette løyvet.

⁴ Merk at verksemda også har varslingsplikt etter forskrift om varsling av akutt ureining eller fare for akutt ureining av 09.07.1992, nr. 1269.

Fareområde og område rundt aktivt steinuttak kan gjerdast inne. Ålmenn turferdsel og ferdsel for ville dyr i og gjennom reguleringsområdet skal kunne skje mest mogeleg uhindra.

3. Utslepp til vatn

3.1. Utsleppsavgrensingar Nordgulen

Utslepp frå verksemda til vassførekomsten Nordgulen skal ikkje medføre fare for at tilstanden vert lågare enn tilstandsklasse 2. Nedslamming av nærområdet til utsleppsstaden er ikkje tillate. Overflatevatnet skal ikkje verte nemneverdig eller regelbunden blakka (visuelt observert).

Minimumsomfang av analysar:

Utslepps-komponent	Utslepps-kjelde / målestad	Utsleppsgrenser		Frekvens
		Konsentrasjons-grense	Midlingstid	
Olje i avløpsvatn	Utløp etter oljeutskiljar	50 mg/L	Stikkprøve	min. 2 gongar per år
Sum av suspendert stoff / fast stoff	Utsleppsleidning ved Dyrstad	50 mg/L	Stikkprøve	min. 4 gongar per år

Fortynning for å oppnå krav til utsleppsavgrensing er ikkje tillate.

3.2. Utsleppsavgrensingar Frøysjøen

Utslepp frå verksemda til vassførekomsten Frøysjøen skal ikkje medføre fare for at tilstanden vert lågare enn tilstandsklasse 2. Nedslamming av nærområdet til utsleppsstaden er ikkje tillate. Overflatevatnet skal ikkje verte nemneverdig eller regelbunden blakka (visuelt observert).

Minimumsomfang av analysar:

Utslepps-komponent	Utslepps-kjelde / målestad	Utsleppsgrenser		Frekvens
		Konsentrasjons-grense	Midlingstid	
Olje i avløpsvatn ⁵	Utløp etter oljeutskiljar	50 mg/L	Stikkprøve	min. 2 gongar per år
Suspendert stoff (SS)	Utløp av Skorabovatnet	25 mg/L	Stikkprøve	min. 4 gongar per år
Turbiditet	Utløp av Skorabovatnet	5 FTU	Stikkprøve	min. 4 gongar per år
Leiingsevne	Utløp av Skorabovatnet	10 mS/m	Stikkprøve	min. 4 gongar per år
Total nitrogen	Utløp av Skorabovatnet	1 200 µg/L	Stikkprøve	min. 4 gongar per år
total organisk stoff (TOC eller COD)	Utløp av Skorabovatnet	15 mg C/L	Stikkprøve	min. 4 gongar per år
pH	Utløp av Skorabovatnet	Ingen grenseverdi	Stikkprøve	min. 4 gongar per år

⁵ Gjeld dersom oljeutskiljar vert etablert.

Fortynning for å oppnå krav til utsleppsavgrensing er ikkje tillate.

3.3. Utsleppsreducerande tiltak, reinsing m.m.

Utslepp som ikkje held seg under grenseverdiar nemnd i dette løyvet, skal reinsast til lågast mogeleg nivå. Verksemda har, uavhengig av grenseverdiar sett i dette løyvet, plikt til å avgrense utslepp i størst mogleg grad med bruk av best tilgjengeleg teknologi.

Vassforbruket i produksjonen skal reduserast i så stor grad som teknisk og økonomisk mogleg.

Eventuelt oljehaldig avløpsvatn frå verkstader eller liknande skal reinsast tilfredsstillande i oljeutskiljar eller tilsvarande reinseeining slik at utsleppsgrenser fastsett i vilkår 3.1 vert halde.

Det skal vere minst to sedimenteringsbasseng for vasstraumen retning Hennøysund. Bassenga må tømast jamleg og etter behov.

Sedimenteringsbassenget ved Dyrstad må tømast jamleg og etter behov. Bassenget skal vere innretta slik at det ikkje er behov for omløp under tømning.

3.4. Utsleppstad for prosessavløp

3.4.1 Utslepp mot Hennøysundet

Overflatevatn frå steinbrotet (område for bryting av nytt fjell) skal samlast opp og leiast gjennom eit høveleg tal sedimenteringsbasseng før utslepp mot sjøen i Hennøysund.

3.4.2. Utslepp mot Dyrstad

Prosessavløpsvatnet skal førast ut i sjøen ved Dyrstad på min. 10 m. djup, og elles på ein slik måte at det skjer god innblanding i vassmassane.

3.5. Overflatevatn

Overflatevatnet frå Dyrstadsida skal samlast opp så langt det let seg gjere teknisk og praktisk og leiast inn på prosessavløpsleidninga.

4. Utslepp av støv

For utslepp av støv frå produksjonen på Dyrstad (t.d. knusing, sikting, transport (inkl. transportveggar), lasting og lagring) må verksemda følge krava i § 30-4 og § 30-5 i ureiningsforskrifta. Overflateaktive stoffer er likevel ikkje påkravd, og bør berre vurderast nytta der andre tiltak ikkje gjer nødvendig effekt.

Utandørs områda ved Dyrstad skal jamleg og elles etter behov reingjerast.

Verksemda skal jamleg og minst kvart andre år dokumentere støvnedfall ved 30-dagars intervallmåling i samsvar med § 30-9 punkt a) i ureiningsforskrifta.

5. Støy

Jamvel om verksemda held seg innafor grenseverdiane, har ein likevel plikt til å redusere støy mest mogleg med hjelp av best tilgjengeleg teknologi. Dette gjeld mellom anna skjerming av vifter eller plassering av særleg støyande maskinar.

5.1. Utsleppsgrenser

Verksemda sine bidrag til utandørs støy ved omkringliggande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar, barnehagar og rekreasjonsområde skal ikkje overskride desse grensene, målt eller utrekna som frittfeltverdi ved mest støyutsette fasade:

Tidsintervall	Utrekningsmåte ⁶	Måndag-fredag	Laurdag	Sundag/ heilagdag
Dag (kl. 07-19)	$L_{pAekv12h}$	55 dB(A)	50 dB(A)	45 dB(A)
Kveld (kl. 19-23)	$L_{pAekv4h}$	50 dB(A)	45 dB(A)	45 dB(A)
Natt (kl. 23-07)	$L_{pAekv8h^*}$	45 dB(A)	45 dB(A)	45 dB(A)
	L_{A1}	60 dB(A)	60 dB(A)	60 dB(A)

* For nattperioden skal støyen midlast over faktisk driftstid, inntil 8 timar.

Dersom den støyande aktiviteten omfattar tydelege enkelttonar og/eller impulslyd, skal grenseverdien for ekvivalentnivået reduserast med 5 dB, i høve til verdiane gitt i støykrava over.

Støygrensene gjeld all støy frå verksemda sine ordinære aktivitetar, inkludert intern transport på verksemdområdet og lossing/lasting av råvarer og produkt. Støy frå bygg- og anleggsaktivitet og frå ordinær persontransport av verksemda sine tilsette er likevel ikkje omfatta av grensene.

Lasting til båt kan ikkje skje på fastsette statlege eller kommunale helgedagar eller høgtidsdagar. Etter førespurnad bør lasting heller ikkje skje under ev. lokal sørgjedag eller festdag.

Støygrensene gjeld ikkje for bygning av nemnde typar, eller bruksendring av bygning til nemnde typar som er etablert etter at verksemda starta opp.

5.2. Dokumentasjon på støynivå

Dokumentasjon av støyutslepp skal målast / reknast ut jamleg (minst kvart 4. år) og sendast til Fylkesmannen seinast med påfølgande årsrapport. Målingar og utrekningar må gjennomførast av uavhengig firma med dokumentert kompetanse på slikt arbeid. Måling må skje i tidsrom det er vanleg aktivitet med maksimalt ekvivalent støyutslepp. Tidsrommet skal vere føremeld til representantar for naboane, kommunen og Fylkesmannen.

⁶ L_{pAekvT} Gjennomsnittleg ekvivalent støynivå for varierende støy, over ein bestemt tidsperiode T (her 4, 8 eller 12 timar).

L_{A1} statistisk maksimalnivå, uttrykt som det støynivået som blir overskride i 1 % av tida.

Dersom målt/utrekna støynivå som skuldast utslepp frå verksemda ligg nærare grenseverdiane enn 3 dB (A), skal tiltak vurderast og ny, tilsvarande gransking gjennomførast innan 12 månader. Gransking skal elles skje ved endring av drifta som kan ha noko å seie for støyutslepp eller etter krav frå Fylkesmannen.

5.3. Sprenging av fjell

Støy frå sprenging av fjell er unnateke støykrava i vilkår 5.1.

Sprenging kan skje i tida 0700 – 2000, men ikkje når det er skumring, måndag til fredag. Sprenging skal varslast alle som kan verte råka av støy eller annan ulempe frå sprenging, etter særskild avtale med dei dette gjeld.

6. Grunnureining og ureina sediment

Verksemda skal vere innretta slik at det ikkje skjer utslepp til grunnen som kan medføre nemneverdige skader eller ulemper for miljøet.

Verksemda pliktar å halde oversikt over eventuell eksisterande ureina grunn på eige område og ureina sediment utanfor. Ein skal til ei kvar tid ha oversikt over faren for sprenging, samt vurdere behovet for undersøkingar og tiltak. Er det grunn til å tru at undersøkingar eller andre tiltak vil vere nødvendig, skal ureiningsstyresmakta varslast om dette.

7. Kjemikal⁷

Verksemda skal berre nytte kjemikal der dei har lokalt tilgjengeleg sikkerheitsdatablad⁸ på norsk, og der bruken skjer i samsvar med produsenten sine bruksområde og når dei er i samsvar med krava i REACH-regelverket.⁹ Produkt med forbodne eller strengt regulerte kjemikal etter REACH-regelverket er ikkje tillate brukt.

Verksemda skal ha eit dokumentert system som viser kva for vurderingar dei har gjort for kjemikal som kan ha helse- eller miljøverknadar. Vurderinga skal skje med bakgrunn i testing eller annan relevant dokumentasjon.

Verksemda skal ha eit dokumentert system som jamleg vurderer utskifting av helse- og miljøskadelege kjemikal med mindre skadelege kjemikal (substitusjon). Der det finst mindre skadelege alternativ, pliktar verksemda å nytte desse så langt dette kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe.

⁷ Med **kjemikal** meiner ein her kjemiske stoff og stoffblandingar som brukast i verksemda, både som råstoff og som hjelpekjemikal. Døme på slike kjemikal er groehindrande middel, vaskemiddel, hydraulikkvæsker, brannhindrande middel m.m.

⁸ Også kalt HMS-produkt-datablad

⁹ Jf. produktkontrollloven av 11.06.1979 nr. 79 § 3a

Verksemda skal unngå å bruke produkt der sikkerhetsdatabladet har manglande opplysningar i seksjon 12 (økologiske opplysningar), 13 (disponering) og 15 (tilvising til norsk regelverk).

8. Avfall

8.1. Generelle krav

Verksemda pliktar så langt det er mogleg med best tilgjengeleg teknologi å unngå at det vert danna avfall som følgje av drifta. Særleg skal innhaldet av skadelege stoff i avfallet søkast avgrensa mest muleg.

Verksemda pliktar å sørgje for at all handtering av avfall skjer i samsvar med gjeldande reglar for dette fastsett i eller i medhald av ureiningslova, slik som avfallsforskrifta¹⁰.

Avfall som oppstår i verksemda, skal søkast gjenbrukt i verksemda sine produksjon eller i andre sin produksjon, eller – for brennbart avfall – søkast nytta til energi-produksjon internt/eksternt. Slik nytte må likevel skje i samsvar med gjeldande reglar fastsett i eller i medhald av ureiningslova, samt krav fastsett i dette løyvet.

Brenning av avfall er ikkje tillate utan at det skjer i forbrenningsomn med særskild løyve frå Fylkesmannen eller Miljødirektoratet.

Mellomlagring av avfall skal skje på særskild avsett område. Lagring av farleg avfall skal skje under tak og lageret skal vere sikra mot tilgjenge frå uvedkomande.

Mineralavfall skal søkast ombrukt i produksjonen. Mineralavfall som støv skal ikkje lagrast i meir enn 3 år.

9. Førebyggande tiltak og beredskap mot akutt ureining

9.1. Miljørisikoanalyse

Verksemda skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse¹¹ av aktiviteten sin. Verksemda skal vurdere resultatata i forhold til akseptabel miljørisiko. Potensielle kjelder til akutt ureining av vatn, grunn og luft skal kartleggast. Miljørisikoanalysen skal dokumenterast og skal omfatte alle forhold ved verksemda som kan medføre ureining med fare for helse- og/eller miljøskadar inne på verksemda sitt område eller utanfor. Ved modifikasjonar og endra produksjonsforhold skal miljørisikoanalysen oppdaterast.

Verksemda skal ha oversikt over dei miljøressursane som kan bli truga av akutt ureining og dei helse- og miljøkonsekvensane slik ureining kan føre med seg.

¹⁰ Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall av 01.06.2004, nr. 930.

¹¹ Framgangsmåten bør følge NS 5814:2008 Krav til risikovurdering (eller seinare utgåve)

9.2. Førebyggjande tiltak

På grunnlag av miljørisikoanalysen skal verksemda setje i verk risikoreduserande tiltak. Både sannsynlegheitsreduserande og konsekvensreduserande tiltak skal vurderast. Verksemda skal ha ein oppdatert oversikt over dei førebyggjande tiltaka.

9.3. Etablering av beredskap

Verksemda skal, på bakgrunn av ein miljørisikoanalyse og dei risikoreduserande tiltaka som er sett i verk, etablere og vedlikehalde ein beredskap mot akutt ureining. Beredskapen skal vere tilpassa den miljørisikoen som verksemda til alle ei kvar tid representerer. Beredskapen mot akutt ureining skal øvast minst ein gang pr. år.

Beredskapen skal dokumenterast i ein beredskapsplan.

Beredskapsplanen skal som eit minimum innehalde:

- etterprøvbare mål
- definerte fare- og ulukkessituasjonar (uhellsscenarie)
- rutinar for tiltak dersom fare- og ulukkessituasjonar skjer
- dimensjonering av personell og deira kompetanse, personleg verneutstyr, innsatsmateriell og responstid
- skildring av beredskapssamarbeid med eksterne parter
- skildring av øvingsopplegg (minimumskrav: minst ein gong per år)

10. Prøvetaking, analyse og utrekning av utslepp

Verksemda skal gjennomføre målingar og utrekningar av utslepp til luft og vatn, samt støy i omgjevnadane, jf. omtalane i vilkår 3, 4 og 5.

Akkrediterte tenester for prøvetaking og analyse skal nyttast der det er mogleg. Eigen prøvetaking og innsending for analyse til akkreditert laboratorium, kan berre skje etter opplæring av og skriftleg avtale med akkreditert tenesteytar. Prøvetaking og analyse skal utførast slik at utrekningane gir mest mogeleg realistisk og representativ dokumentasjon på verksemda sine faktiske utslepp.

Prøvetakinga skal gjennomførast etter eit program som skal inngå i verksemda sin dokumenterte internkontroll. Programmet skal mellom anna skildre fastlegging av metodar, utvelging av prøvetakingstid og utrekningssmodellar som vert nytta. Verksemda skal i samband med utarbeiding og revidering av programmet vurdere usikkerheita i målingane, og søke å redusere denne mest mogleg.

Prøvetaking skal utførast etter CEN-standard eller Norsk Standard (NS). Dersom disse ikkje finst, kan anna internasjonalt akseptert standard nyttast. Dei representative prøvene skal analyserast etter standarden NS-EN/IEC 17025:1999. Fylkesmannen kan i særskilde høve akseptere at anna metode vert brukt. Verksemda er ansvarleg for at metodar og utføring er forsvarleg kvalitetssikra, og at prøvetakingsspunkt vert etablert på stader som gjer det mogleg å ta prøver av utsleppa i høve til aktuelle standardar.

11. Oppfølging av resipient

Så snart som råd er og innan utgangen av 2013, skal verksemda ha gjennomført ei gransking av fjordområdet ved Dyrstad. Rapportering av granskinga skal seinast vere send til Fylkesmannen saman med årsrapport for 2013.

Granskinga skal ha som føremål å fastslå tilstand og årsvariasjon av støvinnhald i sjøvatnet, og nivå av støv på sjøbotn og i strandsone. Inntil upåverka område skal tilstand for fauna og flora dokumenterast. Påverknaden må klassifiserast så langt råd er mot relevante kriteria i vassforvaltningsforskrifta. Alle relevante miljødata frå granskinga skal rapporterast elektronisk til Fylkesmannen på eit format som gjer dei eigna til innlegging i nasjonale vassmiljøsystem.

Tilstand og utvikling av påverka fjordområde skal dokumenterast jamleg. Overvakingsprogram med framlegg til omfang og frekvens skal leggjast fram for Fylkesmannen for eventuelle merknader, så snart resultatet av granskinga i 2012/2013 er klar.

12. Rapportering til Fylkesmannen

12.1. Overvakingsdata resipient

Hovudresultat frå overvakinga skal gjerast tilgjengeleg for ålmenta. Omfang, verdiar og verksemda si eigen vurdering av resultatata skal sendast til Fylkesmannen saman med annan årsrapportering.

Dersom data er relevante for dei nasjonale vassmiljødatabasane, må dei leverast til Fylkesmannen på eit format som gjer dei eigna til innlegging.

12.2. Årleg rapport

Fylkesmannen ber om ein skriftleg årsrapport innan 15.mars (årleg) om miljøtilhøva ved dei ulike aktivitetane på området. Omfanget er nærare omtalt i vedlegg 2. Rapporten må også innehalde ei vurdering av resultatata og behov for tiltak.

Verksemda skal i samband med rapportering av avfalls- og utsleppsdata til Fylkesmannen oppgje og kommentere usikkerheita i datamaterialet.

13. Økonomisk sikkerheit

Verksemda skal stille sikkerheit for ev. opprydding av alt avfall og skjemmaende / farlege konstruksjonar etter eit ev. opphøyr eller lengre driftsstans.

Sikkerheita skal vere i form av pant for Fylkesmannen i Sogn og Fjordane i sperra bankkonto med ein innbetalt sum tilsvarande den summen som skal sikrast, eller ved ein løpande påkravsgaranti frå bank utskriven til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane på tilsvarande sum. Dersom verksemda kan dokumentere at det vil gje tilsvarande sikkerheit, kan Fylkesmannen etter ei vurdering godta andre former for sikring av den aktuelle summen.

Så snart som mogleg etter at løyvet er motteke, skal verksemda sende skriftleg melding til Fylkesmannen om korleis ein stiller sikkerheit.

14. Større endringar

14.1. Utskifting av utstyr

Dersom det skal gjerast utskifting av utstyr i verksemda som gjer det teknisk mogleg å motverke ureining på ein vesentleg betre måte enn då løyvet vart gitt, skal Fylkesmannen på førehand ha melding om dette.

Ved utskifting av utstyr skal beste tilgjengelege teknikkar nyttast med sikte på å motverke ureining.

14.2. Eigarskifte

Dersom verksemda vert overdrage til ny eigar, skal Fylkesmannen ha melding så snart som mogleg og seinast 1 månad etter eigarskiftet. Meldinga må kunne dokumentere relevant kompetanse, finansiell evne, er

14.3. Nedlegging eller lengre driftsstans

Dersom anlegga eller delar av anlegga vert nedlagt eller stansar for ein lengre periode, skal den ansvarlege melde frå til Fylkesmannen.

Den ansvarlege er den eller dei rettssubjekt som kan vere den eller dei verksemdene som har hatt aktivitet ved anlegget/a, eigar av anlegg eller arealet eller brukar av anlegget/a. Fylkesmannen vil ved behov rette krav mot den vi vurderer som primært ansvarleg. Ved eventuelt fleire ansvarlege, må dei avtale ansvarsforhold etter privatrettslege avtalar.

Den ansvarlege skal gjere det som til ei kvar tid er nødvendig for å motverke fare for ureining. Dersom noko ved anlegget kan medføre ureining eller det er avfall som kan verke skjemmande etter driftsstansen, skal det opplysast særskild.

Fylkesmannen kan fastsetje nærare kva for tiltak som er nødvendig for å motverke ureining og rydde opp i avfall. Fylkesmannen kan pålegge den ansvarlege å stille garanti for dekking av framtidige utgifter og mogleg erstatningsansvar.

Ved nedlegging eller stans skal den ansvarlege sørge for at råvarer, hjelpestoff, halvfabrikat eller ferdig vare, produksjonsutstyr og avfall vert teke hand om på forsvarleg måte, mellom anna skal farleg avfall handterast i høve til gjeldande forskrift¹². Dei tiltaka som vert gjennomført i slike høve, skal rapporterast til Fylkesmannen innan 3 månader etter nedlegginga eller stans. Rapporten skal også innehalde dokumentasjon av disponeringa av kjemikalierestar og ubrukne kjemikal og namn på eventuell kjøpar/ar.

¹² Avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall

Ved ny oppstart skal den ansvarlege syte for at driftsstanden er i miljømessig tilfredsstillande stand. Før oppstart skal den ansvarlege i god tid i førevegen gje melding til Fylkesmannen, som kan gjere nødvendige endringar i eksisterande løyve, nekte godkjenning av ny ansvarleg eller be om at ønskt aktivitet går gjennom ny søknadsprosess. Dette gjeld for all aktivitet som kan medføre fare for ureining eller verke skjemmande.

VEDLEGG 1 - Liste over prioriterte stoff, jf. punkt 2.1.

Utslepp av disse komponentane er berre omfatta av løyvet dersom dette går tydeleg fram av vilkåra eller dei er så små at dei må sjåast på som uvesentlege for miljøet.

Metall og metallsambindingar:

	Forkortingar
Arsen og arsensambindingar	As og As-sambindingar
Bly og blysambindingar	Pb og Pb-sambindingar
Kadmium og kadmiumsambindingar	Cd og Cd-sambindingar
Krom og kromsambindingar	Cr og Cr-sambindingar
Kvikksølv og kvikksølv-sambindingar	Hg og Hg-sambindingar

Organiske sambindingar:

	Vanlege forkortingar
Bromerte flammehemmarar:	
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2,2',6,6'-tetrabromo-4,4'-isopropyliden difenol)	TBBPA
Klorhaldige organiske sambindingar	
1,2-Dikloreten	EDC
Klorerte dioksin og furanar	dioksin, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjeda klorparafinar C ₁₀ -C ₁₃ (kloralkan C ₁₀ -C ₁₃)	SCCP
Mellomkjeda klorparafinar C ₁₄ -C ₁₇ (kloralkan C ₁₄ -C ₁₇)	MCCP
Klorerte alkylbenzen	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenyl	PCB
Tetrakloreten	PER
Tensida:	
Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Triklloreten	TRI
Trikosan (2,4,4'-Trichloro-2'-hydroxydiphenyl ether)	
Nitromusksambindingar	
Muskxylen	
Alkylfenoler og alkylfenoletoksylater:	
Nonylfenol og nonylfenoletoksylatar	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenol og oktylfenoletoksylatar	OF, OP, OFE, OPE
Dodecylfenol m. isomerer	
2,4,6tri-tert-butylfenol	
Polyfluorerte organiske sambindingar (PFCs)	
Perfluoroktansulfonat (PFOS) og sambindingar som inneheld PFOS	PFOS, PFOS-relaterte sambindingar
Perfluoroktansyre (PFOA)	
Tinnorganiske sambindingar:	
Tributyltinn	TBT
Trifenyltinn	TFT, TPT
Polysykliske aromatiske hydrokarbon	
Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP
Bisfenol A	BPA
Dekametylsyklopentasiloksan	D5

VEDLEGG 2 – Innhald i årsrapport

Føremål: Å informere tilsynet om aktiviteten ved anlegget siste året. Rapporteringa skal generelt gje opplysningar om verksemda som tilsynet har behov for i utøving av tilsynsoppgåvene etter kapitel 7 i ureiningslova (tilsyn med forurensningar og avfall).

Opplysningane vil vere offentleg tilgjengeleg så langt dei ikkje vert råka av unntaks- eller teiepliktreglane i forvaltningslova, offentlegheitslova eller miljøinformasjonslova.

Rapporteringsform: verbal og tabell/figur levert elektronisk til miljøvernavdelinga på WORD og/eller EXCEL-lesbart format.

Innhald

1. Kort og verbal omtale av drifta.
2. Evaluering av miljøprestasjon¹³ (dersom utvikla).
3. Total produksjon førre år, og delt etter type.
4. Kort og verbal omtale av drifta.
5. Omtale av førebyggjande tiltak, unormale hendingar, spesielle problem o.l. Her også om tiltak ved ev. stans i produksjonen, påverknadar av miljøet rundt anlegget/verksemda og om moglege eller faktiske utslepp til grunn eller vatn.
6. Resultat av ev. målingar av utslepp (t.d. støymålingar eller –utrekningar, d.o. lukt, støv, olje).
7. Omtale av alle skriftlege eller muntlege klagar eller merknader til drifta frå andre, og om eigen oppfølging.
8. Visuelle tilhøve, evt. skjemmande tilhøve.
9. Om informasjonstiltak, vurdering av om informasjonstiltak er tilstrekkelege
10. Energieffektiviseringstiltak.
11. Oversikt over eigne, genererte avfallsmengder.
12. Ev. andre utslepps- eller avfallsreducerande tiltak.

¹³ "Miljøprestasjon" (Environmental performance evaluation (EPE)) er eit omgrep for verksemdar som er sertifisert etter ISO 14000 eller registert etter EMAS-forordninga, og nærare omtalt i NS-EN ISO 14031. Verksemd som ikkje har slikt miljøstyringssystem, kan nytte opplegg og råd i NS-EN ISO 14031 så langt det passar, eller rapportere etter pkt. 3 – 10 i denne lista (så langt det passar).